

Fra: Jarle Larsen[jarlelarsen@icloud.com]  
Sendt: 16.12.2023 07:44:38  
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]  
Tittel: Røde Kors Hjelpekorps søker støtte til båt

---

**Kvinnherad Kommune**  
**Formannskapet v/ Ordfører Vegard Bjørnevik**

**Husnes, 10.12.-23**

**Søknad om støtte til innkjøp av Pioneer Multi**

Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps søker med dette om midlar til innkjøp av Pioneer Multi til bruk i søk/redningsaksjoner i Kvinnherad, og andre aktuelle kommunar i området vårt. Båten vil bli brukt i undervisning/opplæring av mannskap frå Røde Kors Hjelpekorps, då Kvinnherad er aktuell til å bli opplæringscenter for sjøredning/søk i vårt område. Vi trenger ein eigen båt, då denne vil bli mykje brukt. I tillegg ønsker vi rekruttering av nye medlemmer.

Vi har tidligere søkt Kvinnherad kommune ved Hilde Enstad. Dei ønska då eit spleiselag, eventuelt mellom Kvinnherad kommune, Sparebankstiftinga eller Ullensvang kommune, pga økonomien i Kommunen. Vi sendte svar frå Kvinnherad Kommune til Ordførar i Ullensvang(postlistene), uten å få svar.

Vi prøver igjen, og håper på eit positivt resultat.

**Prosjektet omfatter:**

- Pioneer Multi, fullrigga med diverse utstyr og med Yamaha F80 påhengsmotor.
- Legger ved tilbudet om ønskelig

**Kva er målet med tiltaket/prosjektet?**

Kvinnherad Røde kors Hjelpekorps har eit sterkt ønske om å gje innbyggjarane i kommunen eit betre beredskaps tilbod i kommunen når uhellet er ute. Men vi er heilt avhengig av rett utstyr til dei ulike aksjonstypene vi skal ut på. Vi må ha det klart når vi trenger det, og kan hjelpe til med å redde liv og hjelpe skadde både i terreng og til sjøs. Vi har og tett samarbeid med Politi, Ambulanse, Ambulansebåt, Brann, Redningselskapet og Sola/SAR Queen.

**Kven er Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps?**

I dag er vi 35 aktive medlemmer, 15 er godkjente til å væra med på ulike typer aksjoner pr. dags dato. Målet for dette året er å få 10 medlemmer til godkjent. Vi er påveg opp i antall frivillige, noko vi er særns nøgd med. Vi har møter kvar 14 dag. Der er det ulike tema på møtene.

Vi ligger inn under område 5 som omfattar Odda, Tyssedal, Kinsarvik og Røldal. Dette er områder som er aktuelle for oss og bistå ved for eks. Trolltunga.

Vårt har eit prosjekt som vi jobber med for tida. Det er å få på plass den første godkjente Bratt Lende gruppa i Kvinnherad gjennom tidene. Iløpet av januar er vi på plass med denne redningsgruppa.

**Organisatorisk:**

Utstyret det søkes om blir plassert på tilhenger ved Røde Kors huset på Husnes, og er klart til bruk heile døgnet.

**Bakgrunn for søknaden:**

Når det gjeld søk og redning, er det veldig viktig å ha utstyr som er eigna for føremålet.

Vi har behov for ein eigen båt p.g.a aksjoner lokalt og i samarbeid med andre.  
Under ein søkefase er det Røde Kors Hjelpekorps som best rusta for å driva mest mulig effektive søk pga verktøy/kartsystem vi bruker under organisering av søk.

I tillegg ønsker vi å kunne tilby personer som sitter i rullestol ein mulighet å komma på sjøen, då dette er ein båt bygd for dette.

**Kva aldersgrupper er tiltaket retta mot?**

Alle aldersgrupper

**Kor mange kan ha nytte av dette tiltaket?**

Alle som eventuelt skulle trenge hjelp i den flotte kommunen vår både sommer og vinter.

**Budsjett:**

Vi har starta ein SPLEIS for å kunne skaffe midler, den har stoppa opp på rundt 10.000,-  
Vi har og prøvd å skaffe litt midler frå bedrifter i kommunen.

Alt vi gjer er på dugnad, og det er ei utfordring å skaffe så store midler. Derfor søker vi kommunen om støtte, så håper vi på at Stiftinga er med å bidrar litt.

**Pris:**

Pioneer Multi, fullrigget 440 000,- inkl. moms

Alt utstyr vil bli bestilt umiddelbart om vi får omsøkte midler.

Håper på et positivt svar fra dere. Vi blir sjølvsagt glad for kvar krone som kjem inn til prosjektet. Skulle det være spørsmål til søknaden, eller om dere ønsker ein nærmere gjennomgang, så kan dere ta kontakt med undertegna på

**Tidligere søknader:**

Vi søkte kommunen om midler til innkjøp av snøscooter. Fekk 100 000,- som var heilt fantastisk. Vi fekk dermed mulighet å kjøpe inn to snøscooterar dekkja av Kommunen og Kvinnheradstiftinga. Dette medførte av vi fekk gjennomført den største/første skredøvinga som har vært i Kvinnherad, der alle etater blei invitert. Vi var 50 personer i sving på ei veldig nyttig øving. Alle hadde eit godt utbytte av øvinga som vi byggjer vidare på i februar.

Tlf 959 90 305 Espen Soldal

Tlf 482 18 135 Jarle Larsen

---

Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps, Korpsleder  
Espen Soldal

---

Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps  
Jarle Larsen

Jarles iPhone